



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i Sinnes SU og SMU

DYKKAR REF.: VÅR RE.F: SAKSHANDSAMAR: ARKIVKODE: DATO:
15523/2020 - 2007/1593 Åse-Berit Fidjeland A20 28.10.20

REFERAT MØTE I SINNES SU OG SMU 20.10.20

Pga. stort forfall 14.10.20 vart møta utsette ei veke, og då var det litt forkorta pga. at FAU-leiaren måtte på brannøving kl. 10.00.

Referat frå SU-møte

Til stades: André Karoliussen, Bjørg Hilde Fidjeland, Siri Fidjeland, Johanna Tjørhom, Theodor Kvalvågnes, Lena Bøgwald, Hilde Sinnes og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Magne Tjørhom

Rektor starta med helsing frå Ragnhild Jansen i Barnevakten, som var særst godt nøgd både med møta med elevane og foreldra. Det same var foreldra og skulen.

Sak 07/20: Konstituering av SU 2020/2021 med val

Leiar: André Karoliussen
Nestleiar: Bjørg Hilde Fidjeland
Skrivar: Åse-Berit Fidjeland

Sak 08/20: Om §9a, BTI, Visma flyt skule m.m.

Rektor informerte kort om §9a i opplæringslova om elevane sitt sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det er viktig å kontakta skulen tidleg, og ein kan t.d. gjera det via heimesida og raud firkant (Meld fra om mobbing). Skulen skal med ein gong setja i gang undersøking, og laga ein handlingsplan med tiltak ut frå det.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) er eit system for å kunna sikra lik praksis hos alle på skulen, og er delt inn etter fire nivå, der det lågaste er det som blir gjort på skulen, men der ein òg skal sikra god flyt med andre, som skulehelsesøster, praktisk-pedagogisk teneste (PPT) og barnevernet. Gjeld saker vald og overgrep, skal barnevernet kontaktast med ein gong. Skulen har arbeidd med tenkte saker (case) for å få øving i å bruka verktøyet. Alt ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside. For å ha ein god dialog heim-skule og andre, har Sirdal kommune tatt i bruk Stafettlogg. Der må foreldra gje samtykke, ein kjem fram til tiltak, kven som er ansvarleg og for kor lenge, og ein kan leggja inn tilbakemeldingar som lysglimt.

Elles fungerer Visma flyt skule godt, og me skal òg ha ein timeplanfunksjon der, slik at ein t.d. kan få meldingar frå faglærarar om å t.d. "ta med ski i morgon", men det er ikkje operativt endå.

Sak 09/20: Plan for kvalitetsutvikling

"Plan for kvalitetsutvikling" er skulen sin fireårige plan med tre satsingsområde som bygger på "Sirdalsskulen - mål og strategiar", der sistnemnde skal reviderast i 2021.

Me gjekk gjennom planen, og

- legg til TL-aktivitet under trivsel på s. 5
- legg til LeseLOS under tiltak 1a Lesing i alle fag (s. 6) og under 3a Fagfornyinga (s. 8)
- spesifiserer at mål på vekeplanen òg gjeld praktisk-estetiske fag (s. 6)

Referat frå SMU-møte

Til stades: André Karoliussen, Bjørg Hilde Fidjeland, Wenche Svanes, Siri Fidjeland, Johanna Tjørhom, Theodor Kvalvågnes, Lena Bøgwald, Hilde Sinnes og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Magne Tjørhom

Sak 08/20: Konstituering av SMU 2020/2021 med val

Leiar: André Karoliussen

Nestleiar: Bjørg Hilde Fidjeland

Skrivar: Åse-Berit Fidjeland

Sak 09/20: Møteplan for Sinnes SU og SMU

Torsdag 10. desember

Tysdag 19. januar (med resultat frå Elev-, Foreldre- og Lærerundersøkinga)

Torsdag 11. mars (med resultata frå lokal trivselsundersøking?)

Torsdag 20. mai

Sak 10/20: Anna**a) Foreldreundersøkinga og kven som svarar**

Under sak 09/20 kom det opp spørsmål om kven som svarar på foreldreundersøkinga; begge eller i samarbeid? Det må me koma attende til.

Svarprosenten på undersøkingane har vore variabel, der elevane har hatt høgast svar (87,5% - 100%), foreldra lågast (58,3%) og lærarane 81,8%. Svara frå foreldre og lærarar er frå 2016, då alle tre grupper svara sist.

b) Sykkel på skulebussen

Foreldra tok opp at det er keisamt at elevar spørfrå ikkje kan ta med sykkel på skulebussen, for dei vil vera på leksehjelp etter skuletid og sykla heim derifrå. Rektor tar det opp med Sirdalsbussen.

c) Sosial læreplan

Det var spørsmål om korleis ein arbeidde med sosial læreplan og om han bør bli tatt opp i elevrådet.

d) Ballbinge

Politisk representant fortalde at det har kome fram at det er kultureininga som har ansvar for ballbingane i kommunen, og at den på Sinnes skule skal prioriterast. Ho vil følgja opp dette.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.